

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Marit Silje Husabø, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/2446-1

### **Førespurnad om støtte til Sekretariatsfunksjon i samband med val av ny President i Nordsjøkommisjonen**

#### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev, med tilvising til vedlagde søknad frå Hordaland fylkeskommune, tilsegn om støtte på kr 50.000,- pr. år i denne valperioden (2014-15).
- 2 Det er ein føresetnad at andre norske medlemsfylke yter tilsvarande støtte.
- 3 Støtta for inneverande år vert dekkja over fylkesutvalet sin konto.

#### Vedlegg:

1. Førespurnad om støtte til sekretariatsfunksjon i samband med val av ny President i Nordsjøkommisjonen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

Nordsjøkommisjonen skal velje ny president på generalforsamlinga i juni 2014. Dei norske medlemsfylka har gitt si støtte til at fylkesordføraren i Hordaland, Tom-Christer Nilsen, stiller som kandidat til presidentvervet for valperioden 2014-2015.

Telemark fylkeskommune hadde presidentvervet i perioden 2004-2012, og fekk økonomisk støtte til sekretariatsfunksjonen frå dei nærliggande fylka.

Hordaland fylkeskommune søkjer no om kroner 50 000 i årleg støtte til sekretariatsfunksjon frå dei andre norske medlemsfylka.

Fylkesrådmannen er positiv til ei slik støtte, og legg til grunn at andre medlemsfylke yter tilsvarande støtte.